Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6.

Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Øvre Sirdal.

Emne: Folkelege musikkinstrument

Bygdelag: Heile heradet

Oppskr. av: E. Valevatn.

Gard: Eg bur på Tveiten

(adresse): Dorgefoss.

G.nr. 15 Br.nr. 7

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Bolk A.

1/ Instrumentet har vore kjend frå utgamal tid. Ein har namnet fela. Feleboge er ein laus del.

2/ Har vore i bruk frå gamal tid. Veit ikkje kvar det kom frå. Nei, det har ikkje gått or bruk. Fela blir bruka oftare no enn för og av fleire.

3. Instrumentet har blitt innförd fullt ferdig frå ymse kantar. Ikkje laga i vår bygd. Instrumentmakarar er ikkje og har ikkje vore her i bygdi det eg veit.

4. I form er alle feler eg kjenner, like. Lengd ca. 56 cm., störste breidd ca 20 cm. og högd ca 5 cm. hertil felestolen som strengene spanast over ca. 2½ cm. 4 strengar.

5. Fell bort.

6. Fell og bort.

7. a/ Det blir brukt både tarm- og metall=strenger. b/ Strengene vert kjöpte hos instrumenthandlarar.

8. Fela har ikkje vorte brigda det eg veit.

9. Fela vart haldi under hoka oftast. I gamal tid var fast skikk å få tak i ein

827

eller annan flink spelemann når dei hadde bryllap. Han spela då opp til dans t.d. hallingdans og andre dansar og slåttar. Fela vart i gamal tid berre bruka til å spela dansar og slåttar. Difor såg religiöse folk fela som eit syndig reidskap.

No er dette heilt omsnudd. No vert fela oftast bruka på religiöse möter og festar til å spela salmar og kristelege songar. I kvart musikklag må det som tidast vera ein eller to felespelarar. Og slike musikklag vert tilkalla på kristelege festar, möter, stevner og basarar.

10. Kjenner ikkje variantar.

11. Nei, ikkje prydd.

12. Overtru eller segner i samband med fela kjenner eg ikkje til. Ikkje bumerke. Det var berre det at dei gamle i mi barndomstid, dei som var religiöse, såg på fela som eit djevelsk reidskap. Sjå ovanfor.

13. Det lever ein ganske ung no som har serleg gode „anlegg" for felespel. Han heiter Ola J. Ousdal, Øvre Sirdal. Om han hadde fått höve til fagleg oppöving, ville han truleg vorte ein sers flink felespelar.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Instrument som det er spursmål etter

I. Vanleg fele er det som vert bruka og har vore bruka her i bygdi.

II. Hardingfele har me kjenskap til, men ingen her har eller brukar slik fele.

III. Nykkelharpe kjenner eg ikkje til.

IV. Vanleg harpe- eller harpeleik vert nok bruka av og til, men sjelden.

V. Kjenner ikkje til langeleik.

VI Kjenner ikkje humle.

VII Salmodikon vert ikkje bruka her, men eg bruka det litt på lærarskulen år 1901, så eg har litt kjennskap til det.

VIII. a) Ropar ikkje bruka her.

IX. Me kjenner frå gamal tid berre ein sort lur, som dei kalla gjætarlur avdi gjætarane bruka dem ofte i mi barndomstid i gjætarskog. Luren var laga av store bukkehorn som var noko uthola og med ein opning i smalaste enden, der dei bles. Ofte hadde dei 3 holor på sida av hornet til å fingla på. Dei som var oppövde, kunne låta fint på gjætarluren, og det höyrdest svært langt.

X Kjenner ikkje til prillarhorn.

XI Vanleg flöyte vert ikkje bruka her.

XII Seljeflöyte vert av og til bruka av born.

XIII Kjenner ikkje sekkepipe.

XIV. Munnharpe har eg ikkje sett eller höyrt sidan eg var barn. Men eg minnest frå den tid at ein onkel min hadde ei munnharpa som han sette mellom framtennene og spela på.

XV. Kjenner ikkje spikerfele.

XVI. Tromme vert aldri bruka her.

XVII. Kjenner ikkje noko slikt instrument.

## Bolk B. Byinstrument.

1. I det siste har guitar, mandolin og trekkspill kome mykje i bruk. I dei ovanfor nemnde musikklag har dei som rege fele, guitar, trekkspill og illandz mandolin.

2. Vanlege bygdefolk spelar på sovorne instrument.

3. Dei gamle slåttane vert ikkje spela på desse instrument. Det kom ny musikk til bygda. Den nye musikken er som før sagt teken opp på fela.

## Bolk C.

Larmeinstrument osb.

Å blåsa på strå mellom tommelfingrane kjenner me til. Like eins å blåsa i hendene mellom tommelfingrane utan strå. Noka anna kjenner eg ikkje til av bolk C.

## Bolk D

Eg har ikkje kjennskap til noko om denne bolken.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING